

Rapport om målbruk i offentlig teneste 2012

Innhold

Om rapporten	2
Forklaring til statistikken	2
Resultat.....	2
Nettsider.....	2
<i>Statistikk</i>	2
Korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider.....	3
Sosiale medium	4
Skjema	4
Klagesaker	5
Oppsummering av målbruken i staten i 2012	6
Nynorskkurs.....	6
Tiltak i 2013	6
Frukostseminar om nynorsk i staten.....	6
Nynorskkurs med tett oppfølging	6
Andre tiltak.....	7
Ny sjøkjemetode for nettsider	7

Om rapporten

Språkrådet har ført tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan under departementsnivå sidan 1994. Føremålet med tilsynet er å sjekke i kva grad statsorgana oppfyller krava i *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). Denne rapporten inneheld tal frå 122 statlege etatar.

Fristen for å levere rapport var 31. januar 2013. Totalt fekk Språkrådet inn rapportar frå 122 av 184 statsorgan, men ein god del av dei kom etter fristen. Trass i påminningane var det 48 statsorgan som ikkje leverte rapport for 2012, og somme av dei har ikkje levert på fleire år.

Informasjonen i denne statistikken er hovudsakleg basert på tala i rapportane, men òg på følgjebreva som mange statsorgan sender med rapportane.

I tillegg til rapporteringsordninga handsamar Språkrådet klagar på brot på mållova. Klagane er omtala i ein eigen del i denne rapporten.

Forklaring til statistikken

Grunnlaget for statistikken er Excel-skjema med rådata som ligg på nettstaden til Språkrådet. Der kan ein finne statistikken for dei einskilde statsorgana i dei ulike kategoriane.

Periodiske publikasjonar er ikkje representerte i statistikken fordi det er eit mindretal av statsorgana som rapporterer om tilfang i den kategorien. Språkrådet viser til dei einskilde mållovsrapportane for å finne resultata.

Språkrådet deler tilsynet inn i *nettsider, korte tekstar 1-10 sider* (pressemeldingar, annonsar osb.), *sosiale medium, periodiske publikasjonar, tekstar over 10 sider* (store rapportar) og *skjema*.

Statsorganet leverer inn resultata i eit Excel-skjema som Språkrådet har laga.

Alle statsorgan har ein nettstad og er såleis representerte i den kategorien. Når det gjeld dei andre kategoriane, er det ein del statsorgan som ikkje rapporterer om tilfang. I dei fleste tilfella er årsaka at dei ikkje har tilfang, men i somme tilfelle er òg årsaka feilrapportering. Me har denne gongen sett ein del døme på at statsorgan ikkje har rapportert om tilfang i den nye kategorien *sosiale medium*, men visseleg har nytta slike medium.


Resultat

Nettsider

Nettsidestatistikken er tufta på Google-søk etter ein bestemt mal gjeven av Språkrådet. Statsorgana søker sjølv på ordpara *ikkje/ikke* og *frå/fra*, og får då forholdstalet mellom dei. I tillegg har statsorgana høve til å bruke andre ordpar dersom dei meiner det er andre som gjev eit meir rimeleg bilet av målbruken. Google-søket gjev oss uansett ikkje eit fullstendig bilet av fordelinga mellom målformene på statlege nettsider. Han viser t.d. ikkje om statsorgan har begge målformene synlege på framsida, som Språkrådet legg vekt på i tilbakemeldinga til statsorgana.

Statistikk

Målbruken på statlege nettstader er framleis langt under vekslingskravet – i gjennomsnitt hadde ein statleg nettstad 13,6 % nynorsk i 2012.



Figur 1 Gjennomsnittleg prosent nynorsk på statlege nettsteder


Nettsidene er framleis den viktigaste informasjonskanalen for dei fleste statsorgan, og Språkrådet legg difor særleg vekt på fordelinga mellom målformene i den kategorien. Merk likevel at særleg store statsorgan ofte har mange gamle, store dokument på nettstaden som gjev store utslag på statistikken. Såleis kan målbruken hjå ein del vere noko jamnare enn tala tyder på.

Hjå statsorgan som har fleire nettsteder, er det sjeldan at dei oppfyller krava på alle saman.

Korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider

Statsorgana held sjølvve teljinga med korleis målformene er fordelte i desse kategoriane. Språkrådet har såleis i regelen ikkje høve til å sjekke at informasjonen i rapporten er rett, men peikar i somme tilfelle på at statsorgan ser ut til å ha meir tilfang enn dei rapporterer om. Samtidig kan ikkje Språkrådet utelukke ein del feilrapportering andre vegen, men det er vanskelegare å fange opp. Noko av årsaka til at statsorgan rapporterer feil i denne kategorien, kan vere at papirtilfang i praksis er ein utdøyande kategori. Såleis kan det vere vanskeleg å skilje ut kva tilfang som skal rapporterast inn.

Statistikk



Figur 2 Talet på statsorgan som oppfyller mållova i korte tekstar 1–10 sider og tekstar over 10 sider

Tala viser at det var langt færre statsorgan som oppfylte krava i *korte tekstar 1–10 sider* i 2012 enn i 2011. I gjennomsnitt var det 23,1 % nynorsk i denne kategorien, så mange statsorgan har likevel ei ganske god veksling.


I kategorien *tekstar over 10 sider* er det ein god del statsorgan som ikkje rapporterer om tilfang. Sjølv om det er ein god del statsorgan som oppfyller krava i mållova, er det òg fleire som ligg heilt i botnsjiktet; 50 av statsorgana har ei veksling på under 5 %. Ei av forklaringane på det er at det ofte er lite tilfang i denne kategorien, gjerne berre ein årsrapport. For denne kategorien er det viktig å merke seg at statsorgana har høve til å veksle mellom rapportane frå år til år dersom dei ikkje ønskjer å bruke begge målformene i den same rapporten. Såleis oppfyller ein del av statsorgana krava i mållova over tid sjølv om dei ikkje kan vise til veksling i 2012.

Sosiale medium

For fyrste gong har statsorgana blitt bedne om å rapportere om fordelinga mellom målformene i sosiale medium, i hovudsak Facebook og Twitter. Som venta er målbruken i desse kanalane jamt over svak, og noko av årsaka er nok at statsorgan ikkje har tenkt over at mållova gjeld dette mediet. Me ventar difor å sjå ein oppsving neste år.

Statistikk

I gjennomsnitt rapporterte statsorgana om 9,9 % nynorsk i 2012.




Figur 3 Gjennomsnittleg prosentdel nynorsk i sosiale medium hjå statsorgan i 2012

I denne kategorien er det mange i botnen, medan somme har ei svært god veksling. Såleis er det få statsorgan som ligg akkurat på gjennomsnittet. Ei tilleggsforklaring på den svake vekslinga kan vere at tekstane i sosiale medium skiftar ofte, på same måte som til dømes nyheitssaker på nettstaden, og Språkrådet har sett at statsorgana ofte slit med å få ei jamn veksling i dette tilfanget. Ein del statsorgan har ikkje rapportert om tilfang i denne kategorien, men Språkrådet har likevel sett at dei har lagt ut meldingar på sosiale medium.

Skjema

Totalt ligg 1591 av 2354 innrapporterte skjema føre i begge målformene.




Figur 4 Talet på skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent

For 2012 ligg 68 % av skjemaa føre i begge målformene, og det er så vidt litt høgare enn i 2011. Utviklinga er med andre ord framleis positiv. Talet på innrapporterte skjema varierer ein god del frå år til år, og Språkrådet får stadig meldingar frå publikum om at berre bokmålsversjonen av skjema ligg inne i elektroniske portalar. Det er difor viktig å tolke resultatet i denne kategorien med ein viss slingsringsmonn.

Klagesaker

I 2012 fekk Språkrådet inn 76 klagesaker. 9 av klagane galdt eksamenar. Talet har såleis gått ein god del tilbake etter å ha stige i fleire år.



Figur 5 Talet på innkomne klagar

Mange av klagane gjeld framleis lysing i feil målform, svar i feil målform og skjema som ikkje ligg føre i begge målformene. Det er usikkert om færre klagar i 2012 tyder at det òg skjer færre brot på mållova enn tidlegare, men det er grunn til å gå ut frå at klagane har hatt effekt på den statlege målbruken totalt sett.

Oppsummering av målbruken i staten i 2012

Den totale målbruken i statsorgan under departementsnivå er framleis under vekslingskravet i alle kategoriane.

Denne gongen vil Språkrådet peike særleg på at nokre statsorgan ikkje leverer rapport. For mange av dei er det ikkje ei enkelhending, men noko som skjer år etter år. Eit viktig arbeid frametter kjem til å vere å få kontakt med desse statsorgana for at dei skal setje i verk tiltak for å betre målbruken.

Tilsynsarbeidet viser at plikta statsorgan har til å setje seg inn i regelverket, i mange tilfelle ikkje fungerer. Statsorgan treng ofte fleire påminningar frå Språkrådet om regelverket.

Nynorskkurs

Det har vore vanskeleg å sjå nokon synleg effekt av nynorskkursa på mållovsstatistikken. Aktiviteten for nynorskkurs har vore stor i 2013, og det håpar me skal syne att. Årsakene til at me ser liten effekt på samlestatistikken, er samansette, men dette er nokre nærliggjande forklaringar:

- Mange av deltakarane jobbar i store etatar der det er mange som står bak tekstoproduksjonen. Då let ikkje effekten seg så lett måle.
- Gjennom tilsynsarbeidet måler Språkrådet berre nokre sider av målbruken. Det kan difor vere at kursdeltakinga fører til betra mål bruk på fleire område.
- Ein del av deltakarane har därlege forkunnskapar, og då er terskelen høg for å bruke nynorsk jamleg i arbeidet, sjølv etter eit kurs.
- I mange tilfelle blir ikkje satsinga på målbruksarbeidet styrt frå leiarnivå, og det påverkar målbruken både før og etter eit kurs.

Resultata viser at det er viktig å kartlegge effekten av kursa betre gjennom tettare kontakt med statsorgana i ettertid.

Tiltak i 2013

I tillegg til saksbehandlinga tilbyr Språkrådet kurs og føredrag som skal gjere statsorgan betre i stand til å oppfylle krava i mållova. Ein monaleg del av statsorgana har nytta seg av tilbodet i løpet av året.

Frukostseminar om nynorsk i staten

Språkrådet arrangerte frukostseminar om nynorsk i staten i mai 2013. Seminaret var ein kortare versjon av eit seminar med same tema i 2012, så det var ikkje meint for dei som deltok då. Føremålet med seminaret var å gje statstilsette idéar til korleis dei kunne drive målbruksarbeid innanfor sin etat. Eksterne innleiarar, denne gongen frå Barneombodet og Lotteri- og stiftelsestilsynet, fortalte korleis dei arbeider for å oppfylle krava i mållova. Språkrådet orienterte om kurs og hjelpemiddel. Det var kring 35 deltakrarar på seminaret, og tilbakemeldingane var gode. Seminaret fungerte òg som ei marknadsføring av det omfattande kurset Språkrådet har hatt i 2013 (sjå under).

Nynorskkurs med tett oppfølging

Hausten 2013 lanserte Språkrådet eit nytt nynorskkurs for statstilsette, og hadde ein person tilsett på heiltid til arbeidet. Kursopplegget bestod av to kursdagar (den første i august og den andre i november) med undervisning i grammatikk og språkføring, og individuell oppfølging mellom kursdagane. Deltakarane leverte tekstar som dei fekk tilbakemelding på, og kunne når som helst ta

kontakt med kursleiaren dersom dei hadde spørsmål. Det var 35 deltagarar ved kursstart, og 24 av dei fullførte kurset.

Evalueringa viser at kursdeltakarane var godt nøgde med kurset. Mange vart meir motiverte for å nytte nynorsk i arbeidet sitt, og alle oppgav at dei skreiv meir nynorsk i kursperioden enn dei elles ville ha gjort. Alle deltagarane meinte òg at dei hadde fått betre nynorskkunnskapar i løpet av kurset og såleis står betre rusta til å bruke nynorsk som arbeidsspråk. Det er nyttig for Språkrådet å vite. Svært mange trekte fram den individuelle oppfølginga, spesielt rettinga av innleverte tekstar, som nyttig. Språkrådet arrangerer tilsvarande kurs våren 2014.

Andre tiltak

Mållovstilsynet har bidrige med korte notisar om mållova i *Statsspråk*. Nettsidene med informasjon om mållova har blitt oppdaterte, og informasjonen om mållova inngår no i ein felles bok med språklege rettar som gjeld teiknspråk og minoritetsspråk.

Ny søkjemetode for nettsider

I løpet av 2013 har Språkrådet fått utvikla ein ny søkjemetode for nettsider. Søkjemetoden blir teken i bruk i rapporteringa frå og med januar 2014. Google-søket me har bruka i mange år, har tydelege veikskapar, og ein del statsorgan har gjeve tilbakemelding om at dei opplever resultata som for unøyaktige. Søkjemetoden blir vidareutvikla i 2014.